

## Innkalling og saksliste

<b>Møte/utvalg:</b>	<b>Fagleg samarbeidsutval for kunnskapsoverføring, forsking, utdanning og Praksiskonsulentordninga</b>	
<b>Møteleiar:</b>	Bodil Haugen Våge	
<b>Møtestad:</b>	Stella Maris, Vestnes	
<b>Referent:</b>	?	
<b>Møtenummer:</b>	1	
<b>Dato:</b>	06.02.24	
<b>Tidspunkt:</b>	KI 0930-15	
Namn medlemmer	Tittel	Møtt
<a href="mailto:Tone.Seim.Fuglset@helse-mr.no">Tone.Seim.Fuglset@helse-mr.no</a>	Seksjon for forsking og innovasjon, HMR HF	forfall
<a href="mailto:Guro.Berge@helse-mr.no">Guro.Berge@helse-mr.no</a>	Seksjonsleiar utdanning og kompetanse, HMR HF	Ja
<a href="mailto:Anne-Sofie.Furberg@helse-mr.no">Anne-Sofie.Furberg@helse-mr.no</a>	Forskingssjef HMR HF	ja
<a href="mailto:Ole.Lorvik@helse-mr.no">(nestleiar)</a>	Seksjonsleiar stab, KPHR	ja
<a href="mailto:Ase.Hagen.Morsund@helse-mr.no">Ase.Hagen.Morsund@helse-mr.no</a>	Overlege nevrologi, Nevrologisk avdeling Molde	Ja
<a href="mailto:havard.frisvold.kvisvik@gjemnes.kommune.no">(leiar-permisjon)</a>	Rådgiver Digital transformasjon og helseinnovasjon, Gjemnes kommune	forfall
<a href="mailto:Jan.Morten.Dale@Hustadvika.kommune.no">Jan.Morten.Dale@Hustadvika.kommune.no</a>	Kommunalsjef, Hustadvika kommune	forfall
<a href="mailto:oddvar.maroy@volda.kommune.no">oddvar.maroy@volda.kommune.no</a>	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	Ja
<a href="mailto:ionasveg@gmail.com">ionasveg@gmail.com</a>	Fastlege	forfall
<a href="mailto:Bodil.Marit.Haugen.Vage@alesund.kommune.no">(fungerande leiar)</a>	Rådgjevar, Ålesund kommune	Ja
<a href="mailto:eilin.reinaas@live.no">eilin.reinaas@live.no</a>	Norges Handicapforbund (NHF)	forfall
<a href="mailto:paula.skaar@gmail.com">paula.skaar@gmail.com</a>	Pensjonistforbundet	ja
Ressursperson: Geir Dagfinn Sylte, <a href="mailto:geir@helseinnovasjonssenteret.no">geir@helseinnovasjonssenteret.no</a>	Dagleg leiar Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund	ja

### Saksliste

Sak nr.	Saker	Ansvarleg
1/24	Velkommen Godkjenning av innkallinga Saker til eventuelt Referat: Godkjent	Bodil
2/24	<b>Godkjenning årsmelding:</b> Årsmelding Fagleg samarbeidsutval for KFUPk: Kontaktperson/fungerande leiar: Bodil Haugen Våge, rådgjevar Ålesund kommune(for Håvard Frisvold Kvisvik, rådgjevar Gjemnes kommune) Nestleiar: Ole Lorvik, rådgjevar, Klinikken for psykisk helse og rus HMR HF Tall møter i 2023: 2 fysiske: 23.1 og 22.05. 2 Teams: 20.03, 04.09 og 04.12 De (3) viktigste sakene som har vore til behandling i utvalet og resultat: - syner til <a href="#">Felles handlingsplan Helsefellesskap M&amp;R</a> når det gjeld status for arbeidet. 1. Det finst eit <a href="#">Samarbeidsorganet i Møre og Romsdal</a> – eit rådgjevande organ innan forsking utdanning og innovasjon, men er ikkje ein del av Helsefellesskap Møre og Romsdal. Utvalet har stilt spørsmål til kven som er medlemmar i organet. Organet har difor avgjort å utvide med medlemmar frå statsforvaltar og fylkeskommune.	Bodil

## Innkalling og saksliste

	<p>Utvalet ynskjer å gje innspel på mandat til organet i den hensikt å inkludere kommunal sektor meir.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Kartlagt «kart og terrenge» når det gjeld oppdraget samstundes som ein har gjort seg erfaringar med parallelle prosessar i regi av fylkeskommunen, helseføretaket og utdanningsinstitusjonane.</li> <li>3. Drøfta og foreslått tiltak med bakgrunn i dette til <a href="#">Felles handlingsplan Helsefellesskap M&amp;R</a> med anbefalingar til SSU og Forhandlingsutvalet:             <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Utvalet anbefaler at dei faglege utvala har eit medlem med forskerkompetanse (phd evt master) som kan ha fokus på innhenting av data og bidra med analyser i arbeidet med tiltak for aktuelle pasientgrupper, evt. også med eit spesielt fokus på behov for utdanningsbehov.</li> <li>b. Utvalet anbefaler at innovasjon integrerast i oppgåvene til dei kliniske samarbeidsutvala knytt til delavtale 1, 3, 4, 5 og 6, evt i samarbeid med LSUane.</li> <li>c. Når det gjeld å bidra til kompetanseutvikling til det beste for pasienten og pårørende anbefaler utvalet at dette bør inn i oppgåvene til faglege samarbeidsutvala knytt til delavtale 1, 3, 4, 5 og 6 f.eks ift lærings- og meistringsaktivitetar der det er behov.</li> <li>d. Når det gjeld å skape møteplasser og nettverk for kunnskapsoverføring og kompetansebygging mellom tjenestenivå. Utvalet anbefaler at dette bør inn i arbeidet i faglege samarbeidsutvala knytt til delavtale 1, 3, 4, 5 og 6 der det er behov.</li> </ol> </li> <li>4. Kartlagt korleis praksiskonsulentane arbeider og korleis det vert arbeidd med ALiS ordninga.</li> <li>5. Gitt innspel til Temaer og grep for FoU-satsing for å styrke bærekraften i kommunale helse- og omsorgstjenester.</li> </ol> <p><b>Referat:</b></p> <p>Årsmeldinga er godkjend.</p>	
3/24	<p><b>Nasjonal helse- og samhandlingsplan, <a href="#">Prop. 1 S (2023–2024) - regjeringen.no</a></b></p> <p>Fagutvalet si rolle? Versus Samarbeidsorganet?</p> <p>Drøfting.</p> <p><b>Referat:</b></p> <p>Vedlagt presentasjon.</p> <p>Drøfting:</p> <p>I sjukehustalen er psykisk helse og rus i spesialisthelsetjenesten prioritert i tillegg til barn og unge. Er det på tide å etterspørje, både i linja og innan samhandlingsorgana, korleis desse midlane vert nytta spesielt når det gjeld kompetanseutvikling, utdanning og forsking? «Den digitale pasienten» - kven er det? Korleis må vi omstille oss for å handtere framtidens pasientforløp og fordeling av oppgåver?</p> <p>Rekruttering og strategisk arbeid knytt til kompetanseplanlegging og arbeidsfordeling bør bli høgare prioritert. Både når det gjeld bruk av kompetanse og utvikling av kompetanse. Her syner ein til TØRN prosjektet i KS. Kva med utdanningsinstitusjonane si rolle? Har ein god nok dialog med UH sektoren knytt til dei reelle behova for arbeidskraft? UH sektoren har eit nasjonalt ansvar og vil kanskje ikkje ta tilstrekkeleg omsyn til lokale behov.</p> <p>Det er berre i Møre og Romsdal i Midt-Norge ein har eit lokalt samarbeidsorgan for forsking, innovasjon og utdanning (LSO). Dette er i stor grad eit organ der ein informerer kvarandre om pågående arbeid. Samarbeidsorganet i Helse Midt-Norge tildeler forsknings- og utdanningsmidlar, men ein har også lokale tildelingar i lokalt føretak.</p>	Ole Lorvik innleier

## Innkalling og saksliste

<p><b>4/24</b></p> <p><b>Innspel til Samarbeidsorganet:</b></p> <p><i>Utvalet ynskjer å gje innspel på mandat til organet i den hensikt å inkludere kommunal sektor meir.</i> Ref. Handlingsplanen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ressursar ift felles prosjekt – kvar finst dei?</li> </ul> <p>Drøfting.</p> <p><b>Referat:</b></p> <p>LSO har hatt 2 møter i 2023.</p> <p><i>Utvalet ynskjer å gje innspel på mandat til organet i den hensikt å inkludere kommunal sektor meir.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- LSO skal ha møte 9. april – arbeidsutvalet 20.mars.</li> <li>- Dei regionale helseføretaka har fått i oppdrag å kartlegge kommunane sine behov for forskingsinfrastruktur i 2024. Kven skal gjere det i helseføretaket og vil dei då ta kontakt med KFUPk?</li> <li>- Vi ønskjer at LSO ser på sitt mandat ift delavtale 2 i Samarbeidsavtalen mellom kommunane i fylket og HMR HF og utkristalliserer sine oppgåver ift oppgåvene til KFUPk i Helsefellesskap Møre og Romsdal.</li> <li>- Kven sit på toppen av fyl opp at dette med samarbeid om kompetanse, forsking og utdanning går i nasjonalt initiert retning? Korleis sikre dette?</li> <li>- Fylket har eit godt utgangspunkt både i kraft av forskingsmiljøet i føretaket og ift til UH sektoren. Korleis ta steget vidare? Insentiva til dette blir i nokon grad styrta nasjonalt og regionalt. Kva blir LSO si oppgåve?</li> <li>- Kva rolle skal LSO ha ift samhandling mellom kommunane og helseføretaket om forsking, innovasjon og utdanning?</li> </ul> <p>Andre dialogar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablering av infrastrukturar er krevjande og spesielt utover eigen organisasjon.</li> <li>- Samarbeid på tvers av organisasjoner, t.d ulike utdanningsinstitusjonar, er også krevjande.</li> <li>- Kva mangler i kommunane når det gjeld t.d. forskingsinfrastruktur?</li> <li>- Etablering av forskergrupper er viktig for utviklinga av miljøa.</li> <li>- Eit av dei viktigaste utfordringane handlar om å omsette og dele kunnskap til praksis.</li> <li>- Det finst ei uforutsigbarheit både i loverk og finansiering som må på plass for at det skal skje meir samhandling.</li> <li>- Vi treng eit «kart» for å binde saman det som skjer av dei gode samhandlingstiltaka. Korleis knyte dette sammen?</li> <li>- Det er store logistikkoppgåver knytt til samarbeidet mellom helsetenestenivåa.</li> <li>- Alle fagfolk vil gjerne bidra og er positive.</li> </ul>	
<p><b>5/24</b></p> <p><b>Ny samarbeidsavtale sendast på høyring 13.03.24</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Handlingsplanen peika på område som bør over til dei andre fagutvala.</li> <li>- Tilbakemeldingar frå utvalet?</li> </ul> <p>Drøfting.</p> <p><b>Referat:</b></p>	

## Innkalling og saksliste

	Det vil bli foreslått endringar i helsefellesskapsstrukturen. Siste hand på den endelege versjonen blir lagt i møter i februar. Utvalet vil planlegge neste møte for å drøfte den nye samarbeidsavtalen og Nasjonal helse og samhandlingsplan i samanheng.	
6/24	<p><b>Praksiskonsulentordninga</b>  Ny rammeavtale mellom dei regionale helseføretaka og DNL om samarbeid mellom spesialisthelsetjenesten og fastleger.  - Nytt omgrep: Samhandlingslege i staden for praksiskonsulent.</p> <p><b>Drøfting.</b>  <b>Referat:</b>  Utsett.</p>	
7/24	<p>Møteplan for 2024</p> <p><b>Referat:</b>  Utvalet treng å møtast fysisk. Vestnes og Stella Maris er ok pplass å treffast.  Neste møte i mai.</p>	Bodil
	Eventuelt	